

Profesjonsskriving på bokmål og nynorsk

Sofie E. Holmen, Høgskulen i Volda
Nettverk for nynorsk i lærarutdanninga, 20.10.15

Bakgrunn

Forskrift om rammeplan for grunnskolelærarutdanningane:

«Kandidaten mestrer norsk muntlig og norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng»

Proba-rapport nr. 2014 – 07 utarbeidet for Utdanningsdirektoratet:

«Hvordan dokumenterer og sikrer forskjellige lærerutdanningsinstitusjoner at studentene får kompetanse i både nynorsk og bokmål?»

Tidlegare forsøk ved Høgskulen i Volda

- 2GLU haust: bokmåsesemester for både lærarar og studentar
- 2GLU vår: nynorsksemester for både lærarar og studentar
 - motstand frå lærarane

Løysing:

- Eit nytt emne med 0 studiepoeng, ikkje knytt til fag

Profesjonsskriving på nynorsk og bokmål

Kurs på til saman 10 timar for alle GLU-studentar

- Enkel grammatikk
- Formell språkføring
- Gjennomgang av ulike profesjonstekstar

Fire korte arbeidskrav individuelt og i grupper

Tretimars skuleeksamen på bokmål og nynorsk

Emneansvarlege: Kristin Kibsgaard Sjøhelle og Sofie Emilie Holmen

Frå emneplanen

I profesjonsskriving på bokmål og nynorsk skal studentane utvikle skriftlege ferdigheiter i sentrale sjangrar frå lærarkvardagen. Dei skal kunne bruke både nynorsk og bokmål som skriftleg undervisningsspråk (t.d. tavlespråk, tilbakemeldingar til elevane osv.) og i andre profesjonssamanhengar (t.d. årsplanar, møtereferat, informasjonsskriv til foreldra).

<http://hivolda.studiehandbok.no/content/view/full/35475>

Kunnskap

- Studenten har kunnskap om forholdet mellom bokmål og nynorsk i opplæringa slik det står i opplæringslova og forskrift til opplæringslova.
- Studenten har kunnskap om ulike skriftlege sjangrar i skulekvardagen.

Ferdigheiter

- Studenten meistrar norsk skriftleg, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng.
- Studenten kan gjere nytte av hjelpemiddel i eiga skrivning.

Generell kompetanse

- Studenten har god kompetanse i norsk skriftleg og kan vere ein god modell for elevane og stimulere til skrivning på begge målformer.

Pensum

- Fretland, J.O. (2007) «Du skriv feil, lærar» i: Nordal, A (red.): *Betre nynorskundervisning. Skrifter frå nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa*. Nr. 2. s. 71-82. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- Jansson, Benthe Kolberg (2011) «Språkleg mangfald i samfunn og skole». I Jansson, Benthe Kolberg og Synnøve Skjong: *Norsk = nynorsk og bokmål*, s. 13-32. Oslo: Det Norske Samlaget
- Utdrag frå ein grammatikk i anten nynorsk eller bokmål, til dømes Almenningen, Olaf & Aud Søyland (2012) *Praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Oslo: Det norske samlaget

Pensum forts.

- **Elektroniske ressursar:**

- Gjeldande læreplanverk for grunnskulen (LK06/13) <http://www.udir.no/Lareplaner/>
- Opplæringslova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Forskrift til opplæringslova <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724>
- Heimesidene til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa <http://www.nynorsksenteret.no/>
- Heimesidene til Språkrådet <http://sprakrad.no/>
- Ordbøker på nett <http://nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi>

- **Tilrådd tilleggslitteratur**

- Ordlistor og ordbøker på nynorsk og bokmål
- Synonymordbok

Semesterplan

Dag 1

- Gjennomgang av emneplan og plan for kurset, pensumartiklar, opplæringslova og forskrift for lærarutdanning.
- Feiltypar i nynorsk og bokmål, bruk av ordbok, arbeid med eigen norm.
- Skrive det første arbeidskravet og levere inn eit kort refleksjonsnotat.

Dag 2

- Språklege (morfologiske) trekk som er utfordrande på bokmål og nynorsk.
- Mål: Studentane skal bli medvitne om eigne språklege utfordringar med bøyingsystem på bokmål og nynorsk. Dei skal øve på å rettleie kvarandre på begge målformer.

Dag 3

- Setningsoppbygging på nynorsk og bokmål.
- Skrive informasjonsbrev.
- Mål: Studentane skal bli medvitne om generelle reglar for setningsoppbygging på nynorsk og bokmål gjennom kontrastivt arbeid, og skal tileigne seg kunnskap om korleis informasjon til foreldre bør kommuniserast.

Døme på skriveoppgåve:

- Skriv eit informasjonsbrev frå kontaktlærer til foreldre/føresette i ei klasse på sjuande trinn der du informerer om at klassa skal ha avsluttingsfest for heile trinnet ved skulen. Ta med relevant informasjon som du meiner dei føresette treng med tanke på organisering av mat, pynting, opprydding og andre ting du meiner bør vere med. Teksten skal skrivast på nynorsk.

Dag 4

- Møtereferat
- Mål: Studentane skal ha kunnskap om møtereferat som sjanger og skal arbeide kontrastivt og rettleie kvarandre gjennom felles tekst.


Dag 5

- Digitale kommunikasjonstekstar.
 - Mål: Studentane skal bli merksame på korleis ein uttrykker seg som profesjonsutøvar gjennom digitale kommunikasjonstekstar og bli medvitne om at dei representerer kunnskapssamfunnet.
-
- Dag 6: Eksamen

Kva meiner studentane om kurset?


Utfordring: å tilpasse opplæringa til grupper med svært ulik språkleg kompetanse i norsk

Hvor stort utbytte hadde du av undervisninga om feiltyper i nynorsk og bokmål?



1	6	16.2 %
2	10	27 %
3	15	40.5 %
4	6	16.2 %

Hvor stort utbytte hadde du av undervisninga om grammatikk?



1	5	13.5 %
2	14	37.8 %
3	13	35.1 %
4	5	13.5 %

«For meg som ikke har norsk og ikke har gått på grunnskole på mange år så fikk jeg utbytte av kurset. Det var greit med en oppfriskning. Kurset kan gjerne utvides.»

«Dette kurset har for min del vore lite motiverande. Eg har ikkje møtt noko utfordringar eller lært noko nytt.»

«Skulle hatt fleire forelesningar i dette kurset! Veldig nyttig, men alt for lite tid.»

«Mange har nok hatt god nytte av kurset, men personleg føler eg utbyttet vert noko lite sett opp mot tida vi nyttar på kurset. Ikkje fordi det nødvendigvis er dårleg gjennomført, men meir av di eg sjølv kjenner meg sopass trygg på språket (især nynorsk men også bokmål)»

- «Eg kan absolutt sjå fordelar ved å øve seg på å halde ein profesjonell tone i kommunikasjon med heimar og andre instansar.»
- «Sjølve kurset i seg sjølv er ikkje tilstrekkeleg for å kunne undervise på både nynorsk og bokmål, men det har vore til god hjelp på vegen mot å kunne det.»